

## Årsplan 2003

For redaksjonen i Norsk Ordbok 2014 vert 2003 eit år med store utfordringar og krevjande oppgåver, truleg det mest krevjande året vi vil ha i prosjektperioden. Vi skal organisere oss med ny intern struktur, vi skal ferdigutvikle og ta i bruk nye IT-baserte verkty, vi skal lære opp nye redaksjonsassistentar, og så fort som mogleg gjere dei til produktive redaktørar, og vi skal korte ned og fylle ut eksisterande ordboksmanuskript slik at band V vert rett dimensjonert i høve til progresjonsplanen som no er lagd heilt fram til 2014.

### 1. Organisering

Frå og med 17. mars 2003 skal redaksjonen organiserast i fire permanente redaksjonsgrupper. I tre av desse skal dei nye redaktørane arbeide med manuskript til bokstavane *i* og *j* under rettleiing. Dei skal nytte det nye redigeringsprogrammet. I den fjerde skal røynde redaktørar arbeide med resten av bokstaven *h*. Dei skal ikkje ta i bruk det nye redigeringsprogrammet. Hovudredaktøren har det endelige faglege ansvaret for manuskript frå alle gruppene. Ei styringsgruppe på fem personar leidd av prosjektdirektøren skal samordne aktiviteten i desse gruppene og i dei tre tidsavgrensa utviklingsgruppene som er i funksjon (metaordboksgruppa, redigeringsprogramgruppa, korpusgruppa). Styringsgruppa byrjar si funksjonstid 1. mars.

### 2. Personal

Vi har pr. 1.1.03 17,6 årsverk knytte fast til prosjektet, og endå 2,4 årsverk med folk i engasementsstillingar. Med litt variasjon vil vi ligge på dette nivået gjennom heile året. I juni vil vi lyse ut ei redaktørstilling til erstatning for to redaktørar som har vore tilsette ved INL, og som går av for aldersgrensa eller ned i redusert stilling i 2003. Vi tek sikte på å lyse ut fem nye stillingar etter at statsbudsjettet er lagt fram i oktober 2003.

### 3. Redigering

Til sommaren bør manuskriptet som ligg føre for bokstaven *h* vere nedkorta slik at det er rett dimensjonert i høve til resten av bandet. Redaksjonsgruppa bør også ha kome i gang med den resterande nyredigeringa under *h*. Sitatkontrollen på *h*-manuskript skal byrje i mars. Det bør vere eit mål at resten av *h*-manuskriptet er ferdig redigert til jul 2003. Det inkluderer ikkje sitatkontroll, kontroll ved hovudredaktøren, korrektur og opprettning.

Dei tre andre redaksjonsgruppene skal byrje å redigere på *i* i april 2003. Vårsemesteret vil truleg ikkje gje stor ordboksproduksjon, for ein skal også ta i bruk det nye redigeringsprogrammet som for ein del skal ferdigutviklast parallelt med at ein tek det i bruk, og våren blir dessutan ein intens opplæringsperiode med omsyn til alle andre ledd i redigeringsarbeidet også. Målet for hausten 2003 er at ein har skrive seg gjennom halvparten av bokstaven *i*.

## **4. Metaordboka**

Metaordboka bør i all hovudsak vere ferdig kontrollert og normert til 17. mars. Det gjeld også oppkoplinga av Grunnmanuskriptet. Frå denne datoene vil arbeidet med Metaordboka verte nedprioritert i høve til redigeringsarbeid. Til 1. april bør ein lemmaseleksjonsapplikasjon vere laga som genererer oppslagsord frå Metaordboka etter spesifiserte kriterium.

## **5. Målføresynopsisen**

Arbeidet med digitalisering av målføresynopsisen bør vere ferdig til 1. juni. Hausten 2003 bør vi ha utarbeidd ein introduksjon til synopsisen som skal tene som brukarrettleiing for den elektroniske versjonen. Før jul 2003 skal NO 2014 og DOK ha utarbeidd ein plan over korleis den elektroniske versjonen av målføresynopsisen skal gjerast tilgjengeleg for NO 2014 og for andre brukarar.

## **6. Digitalisering av andre samlingar**

For at det nynorske tekstkorpuset skal verte så stort som vi planlegg i 2003 (jf. punkt 8), skal til saman 1,5 årsverk nyttast for å legge til rette tekstar som skal inn dette korpuset. Seksjon for nynorsk leksikografi stiller med 40 % stilling til sommaren Denne arbeidskrafta vert brukt til å merke opp lokale ordsamlingar som på sikt skal gjerast tilgjengelege via Meatordboka. I løpet av våren bør vi ha laga ein standardkontrakt som gjer det mogleg å innhente elektroniske manuskript til lokale dialektordbøker direkte frå utgjevar.

## **7. Utvikling av redigeringsprogram**

Redigeringsprogrammet bør vere funksjonelt, stabilt og robust, men ikkje fullt utbygd til 13. mars 2003. Utskriftsvisning bør fungere i løpet av våren. Programmet skal gradvis ferdigstillast i løpet av våren og hausten 2003. Kvar utbygging av programmet skal vere funksjonell og robust før ein tek ein ny funksjon i bruk. *Programmet skal nyttast til innskriving parallelt med vidareutvikling!* Til jul 2003 bør programmet vere heilt ferdig. Det inneber at ein skal kunne redigere alle delar av ordartikkelen og alle typar artiklar ved hjelp av programmet. Det tyder også at ein skal kunne gjere den semantiske analysen i programmet. Programmet skal vere ferdig dokumentert til jul 2003.

## **8. Utvikling av eit nynorsk tekstkorpus**

Korpusapplikasjonen skal vere ferdig til sommaren 2003. Den bør då fungere saman med redigeringsprogrammet. Når det gjeld omfang, er målet å ha 30 millionar ord i korpuset i løpet av 2003.

## **9. Ajourføring av den elektroniske versjonen av Grunnmanuskriptet**

Éin person skriv på full tid fram til sommaren 2003 inn rettingar og tillegg til Grunnmanuskriptet i den elektroniske versjonen. Ein annan gjer det same arbeidet på deltid. Målet er å ha ajourført den elektroniske versjonen fram til og med *p* til 1. juli 2003.

## **10. Redigeringshandbok**

Redigeringshandboka skal ferdigskrivast parallelt med dei ulike komponentane i redigeringsprogrammet. Målet er å ha ei komplett redigeringshandbok ferdig til 1. september 2003.

## **11. Formidling og informasjon**

Her legg vi opp til tre hovudtiltak. Vi vil ha ferdig ein nettstad med ein interaktiv del innan 1. mars 2003. 6. mars skipar vi til eit arrangement som har som mål å skape publisitet om

prosjektet. I mai 2003 vil mange av dei prosjektilsette delta på den nordiske leksikografikonferansen i Volda der vi nyttar høvet til å presentere prosjektet for fagfellar frå heile Norden i fleire føredrag. Det Norske Samlaget lagar dessutan ny brosjyre til Norsk Ordbok som skal ligge føre til 6. mars.

## **12. Kompetanseheving**

I samband med etablering av dei nye redaksjonsgruppene og med at ein tek redigeringsprogrammet i bruk, avviklar vi ei pilotopplæring i programmet 17.-18. februar. Dinen er ei heil veke i mars sett av til kurs i redigering og til programopplæring (10.-14. mars). I juni legg vi opp til eit nytt internseminar, og fokuset her blir på evaluering av vårsemesteret og planlegging framover. Hausten 2003 skal vi ha to internseminar. Det første skal ha lemmaseleksjon, homografseparering og tilhøvet mellom tilfang og ordartikkkel som fokus. Det vert gjeve opplæring i bruk av korpuset. Det andre seminaret vert truleg lagt til byrjinga av desember, og her skal ein både få fagleg påfyll, oppsummere og planleggje framover. Det kan bli aktuelt å sende nokre av dei tilsette på ulike IT-kurs (t.d. HTML, powerpoint, programmering). Den viktigaste opplæringa i 2003 vil likevel truleg føregå i redaksjonsgruppene der gruppeleiarane skal fungere som lærarar. Direktøren og styringsgruppa vil sørge for å få betre grunnlag for å styre prosjektet, t.d. ved å møte leiarane av tilsvarende prosjekt.